

Høyringsinstansar jf. adresseliste

Dykkar ref:	Vår ref:	Sakshandsamar:	Dato:
	2015/1953 - 10608/2015	Hilde Rudlang 51 96 38 15	15.06.2015

Høyring – regional plan for habilitering og rehabilitering i Helse Vest

Regional plan for habilitering og rehabilitering blir no sendt på høyring. Høyringsutkastet er å finne på www.helse-vest.no/hoyringar.

Fristen for høyringsinnspel er 9. oktober 2015. Innspela skal sendast til post@helse-vest.no.

Vi ber om at høyringsinstansane innhentar synspunkt på forslaga til forbetringstiltak i planen frå relevante avdelingar og underliggande instansar.

Det ville vere nyttig å få fram synspunkt frå andre avdelingar i helseføretaka enn frå dei spesialiserte habiliterings- og rehabiliteringsavdelingane. Dette vil til dømes gjelde avdelingar som har oppgåver/pasientgrupper som grenser opp til habiliterings- og rehabiliteringsavdelingane sitt ansvar.

For helseføretaka vil det også vere relevant å hente innspel til tiltak knytt til forskning og kunnskapsutvikling, frå avdelingar, sentra e.l. som har oversikt over forskingsaktiviteten innanfor habilitering og rehabilitering.

Det ville vere nyttig om kommunane hentar inn synspunkt på forslag i planen også frå fastlegane.

Med vennleg helsing


Hans K. Stenby
plansjef


Hilde Rudlang
seniorrådgivar

Høyringsinstansar:

Kommunane i regionen

Helse Førde HF

Helse Bergen HF

Helse Fonna HF

Helse Stavanger HF

Regionalt brukarutval v/leiar Linn Bæra

Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus

Haraldsplass Diakonale Sykehus

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter

Åstveit Helsesenter

Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter

LHL-klinikkene Krokeide

LHL-klinikkene Nærland

Rehabilitering Vest

Oppfølgingsenheten Frisk